



Naturvernforbundet i Tingvoll

Tingvoll, 27.11.2023

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

RAPPORT - UTVALDE NATURTYPAR 2023 – SKARHAUGEN I TINGVOLL – BN00016680

Dykkar ref. 2023/309.

Slått

Første slåttedagen blei 22.8. Meir enn halvparten blei då slått. Ein del av graset blei liggande på bakken i godt ver. Mesteparten av det som stod igjen blei slått dagen etter. Omtrent halvparten av dette graset blei fjerna med ein gong, resten blei liggande i fuktigare ver. Slåtten blei avslutta og avlinga var henta 26.8.

Ved slåtten var blåknappen i full blomstring, elles var det aller meste blomstra av.

Einstapen blei slått første slåttedagen. Den var grøn, så slått bør ha god effekt ved å hindre at næring går til rotsystemet.

Den søraustre eller nedre delen er slått av eigar med plenklippar også i 2023. Driftsvegen opp til den øvre delen i nordvest er også klipt på same måten.

Hogst

Den siste store grana på lokaliteten er no hogd. Det er hogd ei bjørk i brattaste bakken mellom teigane og ei bjørk ved steingarden på øvre stykket. Vidare er det hogd fleire store bjørketre på austsida av lokaliteten. Stokkane er frakta bort, og kvisten er flisa opp og lagt i hol i terrenget i kanten av lokaliteten.

Artsobservasjonar


Ein fann mellom anna lutvokssopp, rødnande lutvokssopp, rødskevokssopp, sauevokssopp og vridd køllesopp, fleire av dei fleire stader, dette året. Observasjonar er lagt inn på www.artsobservasjoner.no.

Som oppfølging etter aksjonen mot kjempespringfrø støtta av Miljødirektoratet i 2022 har ein no gjennomført leiting etter planta 23.7. og 24.8.

På første runden fann ein i alt 5 dellokalitetar med til saman 18 planter. Blomane blei samla inn og stilkane blei dratt opp og lagt til tørk.

På andre runden fann ein planter på 7 dellokalitetar med til saman 14 planter.

I 2022 blei det fjerna 178 planter, så det ser ut til at ein har fått ein bra verknad, og at planta let seg fjerne.



Registreringa lengst vest i 2023 er truleg 20 m for langt vest på kartet. Det dreier seg om ei einsleg plante på vegen mellom nedre og øvre del.

Avvik

Nedre del blir framleis slått med plenklippar. Avlinga blir tatt bort. Hytteeigaren på nedsida og grunneigar er lite innstilte på vanleg slått av dette arealet.

Deltaking

Det er ikkje lett for Naturvernforbundet å arrangere dugnad på lokaliteten, så slåttarbeidet er gjort av Folden grønt og plan, hogsten av eigar.

Økonomi

	Søkt	Fått	Brukt	
Slåttarbeid	6660	10750	5920	
Hogstarbeid	6500	4210	6500	
Kjempespringfrø	2260	2260	1110	
Køyring, slått	600	0	1107	
slåmaskinleige	1200	0	1200	Aktuelt når ein sparar min 3,5 t
Sum	17220	17220	15837	

Hogstarbeid må skje i perioden med tele, dvs. før løyvinga er kjent. Hogst for kr 6500 er difor utført.

Det er også nokre timar til administrasjon utanom dette, dvs. søknad og rapportering, som blir rekna som dugnadsinnsats.

Informasjon

Grunneigar (3 personar) og hytteeigar (1 person) har fått noko informasjon.

Aktuelle tiltak neste år

Det er behov for å tynne skogen på sørvestsida av lokaliteten. Det ser ut til å ordne seg med avtale med nabo.

Det bør vere to rundar i blomstringstida for sjekk av kjempespringfrø i 2024, for å få dokumentert at ein er kvitt arten, eventuelt at ein får luka.

Med helsing

Øystein Folden
Leiar

Kopi: Tingvoll kommune



Figur 1. Bilete frå 25.08.2023, Øystein Folden. Nordvestdelen av slåttemarka.



Figur 2. Foto 25.08.2023, Øystein Folden. Teigen, mot nord.



Figur 3. Foto 25.08.2023, Øystein Folden. På nordaustsida av den øvre teigen.



Figur 4. Foto 25.08.2023, Øystein Folden. Mot søraust.